



Møteinkalling

Utval: **Stølsheimen verneområdestyre**

Møtestad: Quality Hotel Sogndal

Dato: 04.04.2024

Tidspunkt: 13:00

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 10/24	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 11/24	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 12/24	Orienteringar og referatsaker		
RS 7/24	Førehandsvarsel -retting av tiltak på stølshus i Rappen - Stølsheimen landskapsvernområde - 62/1		2024/3570
RS 8/24	Utvila frist - delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - dispensasjon for motorferdsel - trakkemaskin på snø - kraftledning 420 KV kabel - Refsdal-Modalen		2023/6438
ST 13/24	Stølsheimen verneområdestyre - delegering av vedtaksmynge til forvaltarane		2024/4360
ST 14/24	Stølsheimen landskapsvernområde - Torvedalen - montering av luker i bekkeinntak - Eviny Fornybar AS		2024/4599

ST 10/24 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 11/24 Val av styremedlem til å skrive under protokollen

ST 12/24 Orienteringar og referatsaker

**RS 7/24 Førehandsvarslel -retting av tiltak på stølshus i Rappen - Stølsheimen
landskapsvernombjørde - 62/1**

**RS 8/24 Utvida frist - delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernombjørde -
dispensasjon for motorferdsel - trakkemaskin på snø - kraftledning 420 kV kabel -
Refsdal-Modalen**



Arkivsaksnr: 2024/4360-0

Sakshandsamar: Jorunn Vallestad

Dato: 20.03.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	13/24	04.04.2024

Stølsheimen verneområdestyre - delegering av vedtaksmynde til forvaltarane

Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre delegerer vedtaksmynde til forvaltarane i dispensasjonssaker etter verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48.

Delegasjonen gjeld følgjande sakstyper:

1. Saker etter dei spesifiserte dispensasjonsreglane om ferdsle og motorferdsle i verneforskrifta punkt VI nr. 6
2. Saker etter dei andre spesifiserte dispensasjonsreglane i verneforskrifta og etter naturmangfaldlova § 48 der :
 - det dreier seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret, og føresetnadane er tilnærma uendra
 - det føreligg etablert forvaltningspraksis frå saker handsama av styret i tilsvarende saker
 - forvaltningsplanen gjev eintydige føringar for utfallet
3. Vedtak i samråd med styreleiar når ei sak hastar på grunn av fare for skade eller annan negativ verknad på verneverdiane, t.d. stans av ulovlege forhald, pålegg om retting eller direkte gjennomføring.
4. Handsame søknadar om å endre fristar fastsett av verneområdestyret, eller endre fristar på eige initiativ.
5. Utsette klagefrist etter forvaltningslova § 29, fjerde ledd.
6. Treffe avgjerd om utsett iverksetjing etter forvaltningslova § 42.
7. Sende saker til Miljødirektoratet med tilråding om å ilegge overtredingsgebyr.

Delegasjonsvedtaket er gjort med heimel i punkt 6.3 i Vedtekter for nasjonalpark-/verneområdestyrer oppnemnt i medhald av naturmangfaldlova § 62, fastsett av Miljødirektoratet 19.01.2024.



Ved tvil skal forvaltar drøfte saka med styreleiar. Det skal kome fram av saksutgreiinga dersom forvaltaren treffer delegerte vedtak i saka. Alle delegerte vedtak skal refererast for styret. Klage på delegerte vedtak skal sendast til ny handsaming i styret.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Vedtekter for nasjonalpark-/verneområdestyrer oppnevnt i medhold av naturmangfoldloven § 62, fastsett av Miljødirektoratet 19.01.2024.
- Rettleiar frå Miljødirektoratet for oppfølging av ulovlege forhold i verneområdet, M-2692, 2024.
- Informasjon om overtredelsesgebyr etter naturmangfoldloven, Miljødirektoratet, 21.06.2022
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1-2017

I vedtektena for Stølsheimen verneområdestyret er det gitt moglegheit for delegering av mynde til forvaltarar. Styret har tidlegare gjort vedtak om delegert mynde til forvaltarar.

Det vart i januar 2024 sendt ut nye vedtekter gjeldande for alle nasjonalpark-/verneområdestyre. Dersom forvaltarane framleis skal kunne handsame saker delegert, må denne delegeringa fornyast med heimel i dei nye vedtektena.

I dei nye vedtektena er det lista opp fleire saker det er aktuelt å gje forvaltarane delegert mynte til å gjere vedtak i, enn kva det var i dei førre vedtektena frå 2015. Forvaltar foreslår å utvide delegeringsmyndet til å gjelde alle sakstypene som det står i dei nye vedtektena at verneområdestyret kan gje forvaltarane vedtaksmynde i. Det som er nytt er punkt 3-7 i innstillinga. I tidlegare delegeringsvedtak har verneområdestyret delegert vedtaksmynde til forvaltarane til sakene nemnt i punkt 1 og 2 i innstillinga.

Vurdering

Verneområdestyret har delegert vedtaksmynde til forvaltarar i kurante saker sidan 2013. Dette gjev ein rasjonell og effektiv forvaltning.

Verneområdestyret har sidan opprettninga av styret i 2012, handsama mange saker som har gjeve forvaltningspraksis i området. I tillegg gjev forvaltningsplanen klare retningslinjer for forvaltning i mange saker.

Mange av sakene som blir handsama delegert er søknader om motorisert transport av materiale til vedlikehald av stølshus, og transport av ved og utstyr til hytter og stølshus. Slike saker har klare retningslinjer i forvaltningsplanen for Stølsheimen. Fornying av dispensasjonar som styret har gjeve med heimel i verneforskriftene eller naturmangfaldlova § 48, er døme på kurante saker som har vore delegert til forvaltarar. Andre døme på kurante



saker er søknad om motorferdsel i samband med bygg og installasjonar som styret har gjeve dispensasjoner til.

Forvaltar rår til at det kan delegerast vedtaksmynde til forvaltar i tråd med delegeringsmynde i vedtekten til styret for saker der forvaltningsplanen gjev klare retningslinjer, eller styret har behandla tilnærma like saker. Forvaltar skal diskutera saker med styreleiar dersom forvaltar er i tvil om det er ei kurrant sak. Alle saker av prinsipiell karakter skal leggjast fram for verneområdestyret til avgjerd.

Forvaltar synes dei nye delegeringspunktene foreslått i vedtekten er fornuftige tillegg til tidlegare delegeringsmynde. Det hender allereie at det blir gjort hastevedtak i samråd med styreleiar som omtalt i punkt 3. Endring av fristar som i punkt 4 og 5 og avgjerd om utsett iverksetjing (punkt 6), verkar og fornuftig å kunne gjere utan å måtte innkalle heile styret til møte.

Bruk av overtredelsesgebyr er ein relativt ny måte å reagere på ulovlege tiltak i verneområde på. Overtredelsesgebyr blir brukt til å sanksjonere mindre alvorlege lovbroter som ikkje er så alvorlege at det er aktuelt å melde dei til politiet. Dermed kan dei mindre alvorlege lovbrota få ein rask og effektiv reaksjon som kan gje ein allmennprevantiv effekt. I eit informasjonsbrev frå Miljødirektoratet skriv dei følgjande:

Ileggelse av overtredelsesgebyr bør skje raskt, slik at overtrederen får en rask reaksjon. Dette vil virke mer preventivt enn om overtredelsesgebyret kommer lenge etter at lovbruddet er gjennomført. Nasjonalpark- og verneområdestyrer kan delegera til sine forvaltere adgangen til å sende over saker til Miljødirektoratet med sikte på overtredelsesgebyr. Vi anbefaler at dette gjøres for å sikre en mest mulig effektiv saksgang.

På bakgrunn av denne tilrådinga frå Miljødirektoratet, foreslår forvaltar å inkludere oversending av saker om overtredelsesgebyr på lista over saker forvaltarane kan handtere delegert. Det vil likevel vere mest naturleg å diskutere slike saker med styret eller styreleiar fram til det er innarbeida ein god forvaltningspraksis på kva saker som bør sendast over.



Arkivsaksnr: 2024/4599-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 20.03.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	14/24	04.04.2024

Stølsheimen landskapsvernombord - Torvedalen - montering av loker i bekkeinntak - Eviny Fornybar AS

Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre gjev Eviny Fornybar AS løyve til å montera loker med løftekubukk ved bekkeinntaket i Torvedalstjørn. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernombord og naturmangfaldslova § 48 første ledd og første alternativ.

Løyvet gjeld med følgjande vilkår:

- Det kan monterast to loker på ein løftekubukk. Storleiken på kvar av lakkene er 230 cm breidde og 270 cm høgde.
- Lukene skal målast i gråfarge som er mest mogleg lik fargen på fjellet der lukene skal monterast.
- Restmateriale skal fjernast frå området straks arbeidet er sluttført.
- Arbeidet skal gjennomførast i eit samanhengande tidsrom på ca. 1 veke i perioden juli til oktober.
- Det skal sendast rapport med bilde av installasjonen innan 01.12.2024. Rapporten skal sendast til sekretariatet for Stølsheimen verneområdestyre.

Dersom det er bruk for å landa med helikopter i landskapsvernombordet i samband med tiltaket, må det søkjast om løyve frå Stølsheimen verneområdestyre til landinga.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Evanger kraftverk. Detaljplan for montering av loker i Torvedalen bekkeinntak, Voss herad, *Eviny Fornybar AS*, 08.03.2024


Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernombord 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernombord, rapport nr. 1-2017
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009



Søknaden

Eviny Fornybar AS eig og driv Evanger kraftverk i Voss herad. Dei planlegg oppgradering av avstengingsorganet ved bekkeinntaket i Torvedalen. Dette anlegget ligg innanfor Stølsheimen landskapsvernområde.



Figur 2 Torvedalstjørni ligger innenfor Stølsheimen Landskapsvernområdet (grønn linje): Rød linje til venstre er kommunegrensa mellom Vaksdal og Voss. Stiplet linje (lilla farge) er driftstunnelen til Evanger kraftverk og svart linje er dammen ved utløpet av Torvedalstjørni.

Figur 1 Kartkopi frå søknad.

I søknaden skriv Eviny følgjande om tiltaket:

«Inntaket er bygget med bjelkestengsel som avstenging av inntaket til driftstunnelen. Løfting og setting av bjelker når inntaket skal stenges er et tungt og krevende manuelt arbeid. I trå med Arbeidstilsynet sine anbefalinger blir flere av Eviny sine tunge bjelkestengsel erstatta med luker som åpnes og stenges ved hjelp av løftebukker. Denne løsningen planlegges nå installert på inntaket i Torvedalen.

Inntaket er bygget med bjelkestengsel som avstenging av inntaket til driftstunnelen. Løfting og setting av bjelker når inntaket skal stenges er et tungt og krevende manuelt arbeid. I trå med Arbeidstilsynet sine anbefalinger blir flere av Eviny sine tunge bjelkestengsel erstatta med luker som åpnes og stenges ved hjelp av løftebukker. Denne løsningen planlegges nå installert på inntaket i Torvedalen

Ved tilsyn og planlagt arbeid på bekkeinntaket vil Eviny lande og plassere eventuelt utstyr på utsiden av landskapsvernområdet, eller sette ned nødvendig utstyr rett på betongdekket over inntaket, uten å lande her med helikopter. Det er ikke nødvendig å etablere egen rigg-plass i samband med dette arbeidet

Løftebukken montere oppe på betongdekket på inntaket og blir stående permanent. To luker, hver på $b \times h = 2,3 \times 2,7$ meter, henges opp i løftebukken slik at de kan senkes ned i eksisterende føringer når inntaket skal stenges. Til senking og heving av lukene benyttes taljer som tas med når lukene skal senkes og heves.




Løftebukken er ca. 3 meter høy og 5 meter brei. Både løftebukken og lukebladene vil bli malt i grønn eller grå farge som Eviny benytter på installasjoner i terrenget.... Grønn eller grå farge demper synsinntrykket av installasjonen sommertid. På ettermiddagen når det er skiferdsel i området, vil løftebukken vanligvis være delvis nedsnødd.

Rundt baksiden av inntaket ligger terrenget høyere og dels dekket med busker og annen vegetasjon. Dette hindrer at løftebukken bli stående i «silhuett» mot himmelen og den vil være lite synlig på avstand».



Figur 9 Illustrasjonen viser løftebukken sett fra siden. Høyden på løftebukken er ca. 3 meter.



Figur 10 Lukebladene er 2,3 x 2,7 meter og vurderes malt i grønn eller grå farge

Det er planlagt å montera luker med løftebukk i august – september 2024. Det må vera snøfritt når arbeidet skal utførast. Arbeidet vil ta ca. 1 veke.



Lovgrunnlaget

«Føremålet med vern av Stølsheimen er å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske» jf. pkt. III i verneforskrifta. Det er forbod mot inngrep som kan endre landskapets art eller karakter jf. punkt IV nr.1.

Vanleg vedlikehald på eksisterande anlegg kan gjennomførast utan søknad. Montering av løftebukk med luker er eit nytt tiltak som vert vurdert som meir enn vanleg vedlikehald, og må vurderast som eit særskilt unntak etter naturmangfaldlova (nml) § 48;
Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Torvedalstjørni ligg i Stølsheimen landskapsvernombord. Eviny Fornybar AS sitt anlegg med bekkeinntak og dam ligg innanfor landskapsvernombordet. Montering av løftebukk og luker ved bekkeinntaket i Torvedalstjørni er eit tiltak Arbeidstilsynet har tilrådd verksemda å utføra for å letta på eit tungt og krevjande manuelt driftsarbeid på anlegget. Tiltaket er knytt til eit eksisterande anlegg, og forvaltar vurderer at det er heimel til å vurdera tiltaket med heimel i naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ.

Torvedalstjørni ligg innanfor Fjellheimen villreinområdet. Dette området er markert som viktig trekkområde for villreinen. Anleggsarbeidet skal gjennomførast på hausten. På denne tida vil aktiviteten i liten grad føra til uro og skade på villreinen i området. Det er ikkje registrert andre sårbare artar eller naturtypar i anleggsområdet (Naturbase 19.03.2024). Det er ikkje nye naturregistreringar i dette området. Kunnskapen om området er likevel vurdert som godt nok for å vurdera denne saka jf. nml. § 8, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er tillagt liten vekt. Verneområdeforvaltinga har god erfaring med at Eviny Fornybar AS tek omsyn til naturmiljøet under arbeid, og har gode rutinar for opprydding etter anlegg i verneområdet. Ut frå tilgjengeleg kunnskap om verneverdiane i området, vert det vurdert at tiltaket ikkje vil føra til skade på verneverdiane.

Dei nye lukene vil vera i eit område med både vasskraftdam og andre inngrep. Lukene skal plasserast på det etablerte bekkeinntaket, og vil ikkje gje nytt inngrep i terrenget. Lukene med løftebukkane vil vera inntil 3 meter høge. Dette vil gje eit nytt synleg tiltak i landskapet. For å dempa verknaden av det nye tiltaket, er det sett vilkår om å måla lukene og løftebommen i ein naturfarge i grå. Grønfargen som er brukt på bruva i området skil ser vesentleg frå naturleg grønfarge, og vil framheva tiltaket.

Det må også vurderast om tilsvarende tiltak kan vera aktuelt andre stadar i verneområdet, og om det samla sett kan gje negativ påverknad på verneføremålet om å ta vare på eit landskap som er lite påverka av tekniske inngrep. I Vassøyane er det også eit kraftanlegg med vatn som er regulert til fast vasstand. Det kan koma spørsmål om tilsvarende tiltak ved dette



anlegget. Så lenge nye tiltak berre er knytt til desse to anlegga, vurderer forvaltar at tiltaket ikkje vil gje vesentleg endring på landskapet. Med dei vilkåra som vert sette for løyvet til tiltaket, meiner forvaltar den samla belastninga på området og økosystemet vil vera liten jf. naturmangfaldlova § 10.

Kostnad med å hindre eller avgrensa skade på naturmangfaldet skal dekkast av tiltakshavar jf. naturmangfaldlova § 11. Det er sett krav om god opprydding i området straks lukene er montert. Løftebukk og lukene skal monterast på eksisterande betongdekke på bekkeinntaket, og vil ikkje nytt inngrep i terrenget. Det vil ikkje vera trøng for riggplass, og tiltaket skal gjennomførast i løpet av ei veke. Planlagt arbeidsmetode er vurdert til å vera miljøforsvarleg til dette føremålet jf. nml. § 12.

Konklusjon

På bakgrunn av vurderingar etter verneforskrifta og naturmangfaldlova § 48 og §§ 8 – 12, meiner forvaltar tiltaket med luker framfor bekkeinntaket i Torvedalstjørni ikkje er i strid med verneformålet eller er til nemneverdig skade på verneverdiane. Forvaltar rår til at det vert gitt løyve til tiltaket.